

FRAMTIDSRETTA OMSORG OG LIVSMEISTRING

Plan for førebygging av omsorgsvikt og åtferdsvanskar i Sola kommune



Kommunestyret, sak 66/24, vedtatt 03.10.2024

INNHALD

Bakgrunn	2
Mål	3
Kunnskapsgrunnlag	3
Førebygging	4
Utfordringsbilete	4
- <i>Inntekt</i>	
- <i>Ungdata</i>	
- <i>Vald og kriminalitet</i>	
- <i>Barnevern</i>	
- <i>Radikalisering</i>	
- <i>Demografi</i>	
Hovudområde for innsats	5
- <i>Organisering og tenesteutvikling</i>	
- <i>Kompetanse</i>	
- <i>Samarbeid og medverknad</i>	
Universell førebygging	7
Selektiv førebygging	8
Indikert førebygging	9
Konsekvensar	9
Framtid	9

BAKGRUNN:

Frå 1.1.2022 er det krav om at kommunestyret skal vedta ein plan for **kommunens** arbeid for å førebygge omsorgssvikt og åtferdsproblem (jf. barnevernloven § 15-1, annet ledd). Reforma regulerer først og fremst barnevernet, men for å nå måla i reforma, må det gjerast tiltak i heile oppvekstsektoren og difor vert reforma også kalla ei oppvekstreform med hovudvekt på tverrfagleg samhandling til beste for barn. I tillegg til gode samhandlingsrutinar, vil arbeidet krevje ressursallokeringar som prioriterer dei yngste barna og deira føresette. Kvalitetsmeldinga frå barnevernet i Sola 2024 viser at dei fleste sakene har bakgrunn i føresette sine utfordringar med rus og psykisk helse og det forpliktar både oppvekst og levekår, slik at heile familien kan hjelpast.

MÅL:

Tilsette i Sola kommune skal vere PÅ LAG med innbyggjarane i gode og dårlege dagar. Kommunens tenester skal styrke innbyggjarane i å meistre liva sine aleine og saman med andre.

INNHALD

- Overordna mål og strategiar for heilskapleg tenestetilbod i kommunen
- Ansvarsfordeling mellom etatane
- Organisering av oppgåver

Plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar skal henge saman med mål i kommuneplan og temaplanar knyt til barns oppvekst. [Temaplan - Sola kommune](#)

KUNNSKAPSGRUNNLAG

Fleire tilsynsrapportar i barnevernssaker viser at utsette barn og unge ikkje får hjelpa dei treng.

[Svikt og svik - Gjennomgang av saker hvor barn har vært utsatt for vold, seksuelle overgrep og omsorgssvikt - NOU 2017: 12 - regjeringen.no](#)

[Trygg barndom, sikker fremtid - NOU 2023: 7 \(regjeringen.no\)](#)

[Oppleve, skape, dele - Kunst og kultur for, med og av barn og unge - Meld. St. 18 \(2020–2021\) - regjeringen.no](#)

[Folkehelsemeldinga - Meld. St. 15 \(2022–2023\) - regjeringen.no](#)

[En barndom for livet - regjeringen.no](#)

[Det å reise vasker øynene. Gjennomgang av 106 barnevernssaker. Rapport fra Helsetilsynet unummerert 2019](#)

Rapportane viser også at samhandlinga ikkje er godt nok koordinert og skaper avbrot i oppfølginga.


[Endringer i velferdstjenestelovgivningen - samarbeid, samordning og barnekoordinator -](#)

[Helsedirektoratet](#)

[Tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge - Helsedirektoratet](#)

FØREBYGGING

Me skil mellom universell, selektiv og indikert førebygging. Universell førebygging er retta mot alle innbyggjarane. Selektiv førebygging er retta mot grupper med forhøgd risiko for å utvikle problem. Indikert førebygging er tiltak retta mot individ med høg risiko og klare teikn på utfordringar.



UTFORDRINGSBILETE

Inntekt: Folkehelseprofilen i Sola kommune viser at kommunen har over gjennomsnittet gode føresetnader for å skape god folkehelse. Sjølv om skilnader mellom låglønte og høglønte aukar, har den gjennomsnittlege innbyggjaren og kommunen ressursar til å skape god livskvalitet. Samstundes ser me ein auke i psykiske lidingar og auka skilnader mellom høg- og låginntektsfamiliar. Kommunen skal også integrere fleire flyktningar, og dette kan utfordre kompetanse og ressursar.

Ungdata: Ungdataundersøkinga i 2022 frå 5.klasse og til vg3, viste at om lag 80 prosent av dei unge trivest og har det godt. Om lag 17 prosent har det vanskeleg i periodar. 3 prosent har varige utfordringar. I praksis vil det seie at i ein klasse på 30 elevar har 1 elev det vedvarande dårleg, 5 elevar har det vanskeleg i lengre periodar og resten av elevane opplever å ha eit godt liv. Psykiske lidingar kan resultere i fråvær, utagering, skulevegning, depresjon, familiære vanskar og redusert livskvalitet.

Vald og rus: Kriminalitet, rus og vald blant yngre aukar og me har tilfelle av denne utviklinga i Sola kommune også. Få ungdomar står for mange lovbrøt.

Barnevern: Tal på bekymringsmeldingar aukar på landsbasis og det er ein svak auke i Sola. Sakene er meir komplekse og det kan skuldast auka kompleksitet, men også at kartlegginga er betre no enn før.. Det er krevjande å gi familiane tilstrekkeleg omsorg og oppfølging. Barnevernsreforma frå 2022 la meir ansvar over på kommunane. Plassering av barn er krevjande. Det er mangel på fosterheimar, beredskapsheimar og institusjonar.

Radikalisering: Radikalisering og ekstremisme har særleg si utgreining på internett og på tvers av både regionale og nasjonale grenser. Årsakene er samansette og kommunen skal gjennom Politirådssamarbeidet sikre kompetanse, førebygging og innsikt. SLT-koordinator har eit særleg ansvar for dette arbeidet.

Demografi: Demografiutfordringane vil utfordre kommunens kapasitet til å oppretthalde noverande tilbod. Det krev at tenestene må omstillast og samarbeidet mellom dei må effektiviserast. Førebygging må skje gjennom å allokere ressursar til barnas første leveår.

3 HOVUDOMRÅDE FOR INNSATS

Organisering og tenesteutvikling

- Kommunen må styrke ressursallokeringa i favør av dei yngste innbyggjarane og deira familiar. Dei 1000 første dagane i eit liv er særst avgjerande, og her må kommunen prioritere ressursar til barn 0-3 år og deira familiar. Ein god start med tillit til kommunale tenester kan gi gode liv for barn og familiar. Dette må gjerast gjennom medvitne val av metodikk som inngir tillit og tryggleik. Ressursar må også allokeraast til lågare alderssteg med forventning om at behov på høgare alderssteg minkar som følge av tidleg innsats.
- Helsestasjonen har kontakt med familiane før borna vert fødde og er ein viktig førebyggjande aktør i arbeidet med å ruste føresette til foreldrerolla.
- Kommunen må auke beredskap, førebygging og kompetanse innan radikalisering
- Felles politiråd for Randaberg, Sola, Stavanger og Sandnes vart etablert 2024 og skal arbeide tett med tiltaksplan for å redusere vald og kriminalitet blant unge.
- Kommunen må betre samarbeidet med Bufetat om kvalitet i barnevernsinstitusjonar og vurdere eigne bustader i tråd med Institusjonsutvalets tilrådingar.

[Barnevernsinstitusjonsutvalget](#)

- Tilsette må ha klart mandat for å handle raskt, også på tvers av ulike tenesteleverandører.
- Tenestene må organiserast for å gi transperant og effektiv handsaming til beste for innbyggjarane.

Kompetanse

- Tilsette skal nytte sin kompetanse proaktivt og alltid ha barnets beste som rettesnor for vurderingane som vert gjort. Barnets beste - vurderingar skal gjerast i tråd med Barnekonvensjonen.
- SLT-koordinator skal samarbeide proaktivt med tilsette om radikaliserings i tråd med [Nasjonal veileder for forebygging av radikaliserings og voldelig ekstremisme - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no/no/tema/forebygging-av-radikaliserings-og-voldelig-ekstremisme/veileder-for-forebygging-av-radikaliserings-og-voldelig-ekstremisme-id-2471726)
- Helsestasjonen skal vidareføre foreldrerettleiingsprogrammet Saman på veg /Nurse Family Partnerships), som er førebyggjande arbeid for familiar i høgrisikosone.
- Tilsette skal forstå og ta i bruk regelverk og lovverk om teieplikt, opplysningsplikt og opplysningsrett for å handsame informasjon om innbyggjarar etisk og juridisk forsvarleg.
- Tilsette skal vere godt kjend med offentlege og private ressursar som skal gi gravide, barn, unge og familiar heilskapleg hjelp. Barnevernet og Barn, unge og familietjenesten (BUF) har eit særleg ansvar for å koordinere informasjonsdeling og opplæring innføre desse områda og SLT-koordinator vert delegert ansvar der det er tenleg.
- Tilsette skal sikre alle barn og unge informasjon om rettar og kunnskap om vald, overgrep, rus og psykisk helse.
- Tilsette skal ha kompetanse i å identifisere teikn på vald og sosial kontroll for å verne barn og familiar, samt også å kunne handsame mistanke og meldingar om dette.
- Tilsette må få kontinuerleg kompetanseheving innan område som trengs for å identifisere og handsame vanskane innbyggjarane har.
- Systematisk datainnsamling skal liggje til grunn for analysar og kontinuerleg betring av praksis.
- SLT-koordinatorane får delegert eit særleg ansvar for ulike oppgåver der det er tenleg.

Samarbeid og medverknad

- Kommunen må søke nye løysingar på område der noverande tiltak ikkje har effekt, på eige initiativ og saman med andre, til dømes gjennom Felles politiråd. SLT-koordinatorane har eit særleg ansvar for evaluering og rapportering.

- Overgangar må kvalitetssikrast mellom dei ulike arenaene innbyggjarane er på.
- Tenestedområda skal arbeide i tråd med vedtekne rutinar og lovkrav for medverknad i møte med gravide, barn, unge og føresette.
- Tilsette skal sikre kommunikasjon og oppfølging til innbyggjarar på tvers av kulturskilnader.
- Tverrfagleg samhandling må organiserast kring den einskilde innbyggjarens beste for å gi heilskapleg hjelp.
- Kommunen må systematisere samarbeidet på tvers av fagområde og nivå til beste for innbyggjaren. Leiargruppene Oppvekst og kultur og Levekår har eit særleg ansvar for tverrfagleg, systemisk samarbeid og kvaliteten skal evaluerast saman med felles stabsgruppe OKL (oppvekst, kultur og levekår).

UNIVERSELL FØREBYGGING

Tiltak	Skildring	Ansvarsområde
Fastlege	Dekkjer allmennlegeoppgåvene til pasientane på lista si	Levekår
Jordmorteneste	Lovpålagt teneste som tilbyr oppfølging til alle gravide i Sola	Oppvekst og kultur
Helsestasjon og skulehelseteneste	Tek i vare barns rett til lovpålagt helseundersøking og anna helsehjelp i alderen 0-20 år	Oppvekst og kultur
COS /Tryggleikssirkelen	Foreldrettleiing for føresette med barn 0-12 år.	Oppvekst og kultur
Tuning into kids	Rettleiing av føresette og tilsette til å regulere egne kjensler og hjelpe barna å regulere sine.	Oppvekst og kultur

Barnehage	Pedagogisk verksemd for barn 1-5 år. God allmennpedagogisk praksis for å sikre inkludering.	Oppvekst og kultur
Grunnskule	Lovfesta opplæring. God allmennpedagogisk praksis for å sikre inkludering.	Oppvekst og kultur
SFO	Frivillig tilbod for elevar på 1.-4.trinn i barneskulen, samt eldre elevar på tilrettelagte avdelingar.	Oppvekst og kultur
Helsestasjon for ungdom	Drop in- tilbod for spørsmål og bekymringar.	Oppvekst og kultur
Ungdomsteam	Førebygger rus og kriminalitet hos ungdom. Oppsøkjande lågterskel og fleksibel støtte til ungdom i risikosone.	Oppvekst og kultur
MOT	Program for å gjere ungdom robuste og motstandsdyktige	Oppvekst og kultur, Dysjaland skule
Fritidsklubb Feelgood	Opne møteplassar for ungdom alderen 13-17 i Sola, Tananger og Dysjaland.	Oppvekst og kultur
Kulturskule	Elever i alderen 4-19 år. Musikk, dans, teater/drama og kunst.	Oppvekst og kultur
Idrettsanlegg	Alle innbyggjarar	Samfunnsutvikling
PPT	Bidra til at alle barn og unge er ein del av et godt tilpassa og inkluderande tilbod i barnehagar og skular.	Oppvekst og kultur
Bibliotek	Opplevingar og gode fellesskap for alle.	Oppvekst og kultur
Kulturhus	Arrangement og møtestader for innbyggjarar og tilsette.	Oppvekst og kultur
Fritidsretteiing	Inkludere barn og unge på kultur og fritidsarena	Oppvekst og kultur

Psykologteneste	Behandle og førebygge på gruppe og individnivå .	Levekår og Oppvekst og Kultur
Språkkafé	Sosial arena for integrering og språkopplæring for innbyggjarar som ikkje snakkar norsk.	Oppvekst og kultur
Politiråd	Samarbeid mellom politi og kommune om førebygging, beredskap, radikaliserings, rus og kriminalitetsførebygging	Oppvekst og kultur
FIT OUTCOME	Tilbakemeldingssystem på tenester for å sikre stadig betring av praksis	Oppvekst og kultur/ Levekår
Samskaping 3.0 (Tuning into citizens)	Sikre at tilsette i alle verksemder har ei tillitvekkjande og relasjonell tilnærming til barn og føresette.	Oppvekst og kultur

SELEKTIV FØREBYGGING

Tiltak	Skildring	Ansvarsområde
Familielaurdag biblioteket	Familieaktivitet kvar laurdag for barnefamiliar	Oppvekst og kultur
Barnevern	Sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira utvikling, får hjelp.	Oppvekst og kultur
Familiesenteret	Lågterskel psykisk helsehjelp til barn og føresette frå 0 år.	Oppvekst og kultur

Familiesenteret	Førebyggje omsorgssvikt i heimar der føresette, grunna barnets medisinske behov, har omfattande omsorgsbehov det er vanskeleg å handsame som føresett.	Oppvekst og kultur
Barnekoordinator	Sikre samanheng og godt koordinerte tenester til barn og avlaste og støtte føresette.	Levekår og Oppvekst og kultur
Krisesenter i samarbeid med Stavanger	Kompetansesenter som gjev tilbod til menneske som er utsette for vald i nære relasjonar.	Levekår
Legevakt i samarbeid med Stavanger	Gir rask hjelp når fastlegen er utilgjengeleg og medisinsk hjelp på reise innanlands	Levekår
Samarbeid med Sola DPS, BUP og anna spesialisthelseteneste	Tilbyr tenester for personar med psykiske lidingar.	Levekår og Oppvekst
NAV	Bidra til sosial og økonomisk tryggleik, samt sikre at fleire kjem i arbeid.	Levekår
Psykisk helse og rus	Rask psykisk helsehjelp, psykisk helseteam for dei over 18 .	Levekår
Fritidskontakt	Utfører vedtak i samarbeid med barnevern, tildelingskontor og barnekoordinator for å sikre barn og unge ei meningsfull fritid.	Oppvekst og kultur
PPT	Rettleie tilsette og tilrå spesifikk spesialpedagogisk hjelp i barnehage og skule.	Oppvekst og kultur
Mama Toto/ Bluesmothers,	Helsestasjonens tilbod til føresette som strever med	Oppvekst og kultur

	foreldrerolla, både fedrar og mødrer.	
--	---------------------------------------	--


INDIKERT FØREBYGGING

Strategiar og tiltak retta mot einskilde personar der konkret risiko eller problem er identifisert. Tiltaka vert iverksette basert på behova i den aktuelle situasjonen, primært gjennom spesialisthelseteneste eller barnevern.

Saman på veg – Nurse Family Partnerships	Førebyggjande barnevern for familiar i høgrisikosone.	Oppvekst og kultur
Ungdomsteam	Oppfølging og rettleiing av familiar i høgrisiko.	Oppvekst og kultur
ATV	Samtaletilbod til innbyggjarar som har vanskar med vald.	Levekår og Oppvekst og kultur
Barnevern	Koordinerer og følgjer opp arbeid rundt barn og familiar med behov for støtte.	Oppvekst og kultur
Skoleresept	Førebyggjande arbeid retta mot unge med alvorlege psykiske lidingar som er i behandling. Lågterskeltilboda nemnd elles i planen gjev hjelp til dei som ikkje er behandling.	Oppvekst og kultur
Psykisk helse og rus Miljøtenesta Heimetenesta	Nytte kartleggingsverktøyet «Barn som pårørande» i ulike verksemdar for å få meir informasjon om korleis barn har det som pårørande og sikre dei hjelp og støtte	Levekår

KONSEKVENSA

Heckmans kurve viser at dersom me investerer i kvalitet og utvikling blant barn i deira tidlegaste barndom, får barnet ei betre utdanning, betre helse, betre produktivitet og vil utøve mindre kriminalitet.



FRAMTID

Fødselstala går ned i Sola kommune, som elles i landet. Færre unge og fleire eldre vil påverke det økonomiske handlingsrommet kommunen har til å levere tenester for unge. Det vil vere avgjerande å førebygge framfor å reparere. Kunnskapsbasert kompetanse og tverrfagleg samhandling vil vere avgjerande for effektiv ressursutnytting til beste for barn, unge og familiar. Det er viktig å lage tydelege strukturar for korleis samhandling skal skje, slik at dei ansvarlege er kjend med rollane og ansvaret dei har. For å lukkas vert det avgjerande at kommunen lukkast med å trygge innbyggjarane på at me er PÅ LAG for deira beste. Metodikken må gjennomførast med tillitvekkjande og relasjonsbyggjande samhandlingskvalitet.

